

**Til stades:** Hilde Reitan - leiar, Camilla Granlien – nestleiar, Thor Hauknes - nestleiar, Kristian Hanto, Kjellbjørn Karsrud, Silje Solberg, Thomas Nilssen, Ole Erik Feragen – 1.vara.

**Frå adm.:** Linda Dyrnes – dagleg leiar, Liv Annette Nygjerdet – tilsettes represenat

**Tid:** Onsdag 17.februar kl.18-20

**Stad:** Teams

## Referat

**Styresak 2021/16 Innkalling og sakliste**

**Styresak 2021/17 Revidert langtidsplan med særskilde satsingar**

**Styresak 2021/18 Framlegg til revidert budsjett 2021**

**Styresak 2021/19 Framlegg til budsjett 2022**

**Styresak 2021/20 Eventuelt**

### **Styresak 2021/16 Innkalling og sakliste**

Vedtak: Innkalling og sakliste vart godkjend.

### **Styresak 2021/17 Revidert langtidsplan med særskilde satsingar**

Vedtak:

Framlegg til revidert langtidsplan med særskilde satsingar for 2021-2023 blir lagt fram for Landsmøtet 2021, med dei endringane som kom fram i møtet. Nytt framlegg ligg ved.

### **Styresak 2021/18 Framlegg til revidert budsjett 2021**

Vedtak:

Styret legg fram framlegget til revidert budsjett 2021 for Landsmøtet, med desse endringane:

- Utgiving av ny folkcd.no vert utsett til 2022.
- Det blir sett av kr. 250 000 til å byrje arbeidet med jubileumsfeiringa i 2023. I tillegg blir det sett av kr 300 000 til ny tilskotsordning for medlemmene. Det blir tatt av eigenkapitalen.

### **Styresak 2021/19 Framlegg til budsjett 2022**

Vedtak:

Styret legg fram framlegget til budsjett 2022 for Landsmøtet, med desse endringane:

- Det blir sett av kr. 250 000 til planlegging av jubileumsfeiringa i 2023. Det blir tatt av eigenkapitalen.
- Potten til folkemusikkssending og digitalt innhald (4010.1.1004) vert redusert frå kr. 262 000 til kr. 60 000. Vi planlegg ingen digital sending i 2022.
- Tilskotsordninga som vart etablert for å stimulere til aktivitet etter pandemien i 2021 held ikkje fram i same form, men FolkOrgs eigen rekrutteringsordning vert auka frå kr 100 000 til kr 200 000 og skal kunne vere ei ordning som omfattar meir enn rekruttering.

## **Styresak 2021/20 Eventuelt**

### **Ny tilskotsordning som skal stimulere til aktivitet**

I sak 2021/04 c i møte 2021/01 vedtok styret:

«FolkOrg vil oppmode lokallag til å lage lokale og regionale arrangement, og då særskild retta mot born og unge. Vi vil etablere ei økonomisk og fagleg stimuleringsordning som skal bidra til at slike arrangement skal kunne la seg gjennomføre så langt smittevernreglane tillet.

Styret drøfta ordninga vidare, og dei ønskjer at ordninga kjem på plass så raskt som mogleg. Administrasjonen skal prioritere oppgåva med å lage framlegg til retningsliner for ordninga, og styret vil handsame framlegget via e-post. Det er i budsjettet sett av kr 300 000 til ordninga. Styret ga ein del signal om kva prinsipp som bør gjelde for ordninga, desse tek administrasjonen med seg i arbeidet med retningslinene.